# REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALEN 2025

| | |
|---|---|
| **REFERAT** | **FORHANDLINGSUTVALET** |
| **Møteleiar** | **Stian Endresen** |
| **Referent** | **Oddvar Marøy** |
| **Møtenummer** | **4/2023** |
| **Dato** | **24.-25.08.2023** |
| **Stad** | **Alexandra Molde** |

| Organisasjon | Medlemar | Møtt |
|---|---|---|
| **Helse MR HF** | **Kjetil Lundberg – HR-direktør**<br>**Jan Rino Austdal - advokat**<br>**Eli Otterlei - samhandlingssjef**<br>**Trude Gudbrandsen Solenes - kvalitetsrådgjevar** | x<br>x<br>x<br>x |
| **Kommunane i M&R** | **Kjetil Leirbekk – ass. kommunedirektør Averøy**<br>**Cato Innerdal – kommuneoverlege Molde**<br>**Guri Hasund Reiten – advokat Ålesund**<br>**Ragnhild Aarflot Kalland – leiar forvaltningskontor Volda** | X<br>X<br>X<br>X |
| **Brukarrepresentantar** | **Paula Næss Skår - brukarrepresentant HMR**<br>**Eilin Reinaas – brukarrepresentant kommune (teams)** | x<br>X |
| **Praksiskonsulent** | **Stian Endresen – praksiskonsulent og leiar forhandlingsutvalet** | X |
| **KS-representant** | **Marianne Aasen KD-nettverket** | |
| **Sekretariat** | **Karethe Kristoffersen Aam – Rådgjevar Samhandlingsseksjonen HMR HF**<br>**Oddvar Marøy - Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre** | X<br><br>X |

Referatet nedanfor for er justert etter at det først blei lagt ut.
Endringar som gjeld tekstinnhald, erstatning for tekst eller nye punkt er merka med desse fargane:
Grøn skrift – tekst som blir foreslått tatt bort og erstatta med nytt innhald
Raud skrift – innspel med endringsforslag frå HMR
Blå skrift – innspel frå kommunane med endringsforslag

**SAKSLISTE**

| Sak nr | Sak |
|---|---|
| 26/23 | Velkommen<br>Godkjenning referat nr 3, møte 11 – 12 / 5 – 2023<br>Referat er godkjent utan merknad. |
| 27/23 | **Ferdigstille hovudavtalen pkt 5.4, nivå 3 i helsefellesskapet**<br>Presentasjon av framlegg frå HMR som alternativ til kommunane sitt framlegg om berre eitt fast utval. HMR tilrår 7 fagutval.<br>Brukarrepr. ynskjer sikre at førebygging og rehabilitering blir varetatt, helst som eige utval.<br>Kommunane aksepterer hovudstukturen men ynskjer slå saman utval «skrøpelege eldre» og «fleire kroniske lidingar», slik at det samla blir 6 faste utval.<br>Partane er samde om å redusere tal utval til 6. Desse utvala er :<br>· FSU for barn og unge |

| | |
|---|---|
| | · FSU for psykisk helse og rus<br>· FSU for kronisk multisjuke og skrøpelege eldre<br>· FSU for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg<br>· FSU for behandlarsamarbeid og praksiskonsulentordninga<br>· FSU for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap<br>- Tema som rehabilitering og ev. habilitering, førebygging, IKT/eHelse og samarbeid om kompetanse skal vere del av oppdraget til alle fagutvala<br>Ei halvering av tal utval har som mål å redusere ressursbruk, men og krav til fokus på prioritering av vedtekne innsatsområde og tiltak i handlingsplanar.<br><br>Drøfting rundt varetaking av IKT-satsingane i helsefellesskapet. IKT-området har fleire nettverk og etablererte strukturar som samarbeider om plan og tiltak i både kommunar og helseføretak. Forhandlingsutvalet vurderer at samarbeidet rundt dette vert teke vare på i ei friare rolle på andre samarbeidsarenaer utanfor helsefelleskaps-strukturen. IKT-satsingane vert viktig framover. |
| 28/23 | **Gjennomgang hovudavtalen frå førre samling. Gjennomlesing og retting og presisering av innhaldet**.<br>Avviksarbeid og forbetringsarbeid skal ha fokus i SSU og LSU.<br>Vurdere om omgrepet «avvik» skal endrast til «uønskte hendingar» som ledd i å styrke forbetringsarbeid både internt og mellom helsenivåa.<br>Felles gjennomgang med korrigeringar i desse punkta i hovudavtalen:<br>3 Formål og verkeområde<br>4. Ansvars og oppgåvedeling<br>5 Samarbeidsstruktur. LSU vert flytta til nivå 2<br>5.1 Partnarskapsmøte<br>5.2 SSU, presisering av deltakarar.<br>5.3 LSU presisering av samansetting<br>5.3.2 LSU Volda og Ålesund skal avvikle minst to felles møter kvart år.<br>5.3.3 LSU korrigering og presisering av oppgåver. Spesifisere arb. med avviksarbeid.<br>5.4.3 Oppgåver<br><br>Alle faglege samarbeidsutval skal som del av oppgåvene sine jobbe alle delar av pasientforløpa.<br>I tillegg bør arbeid med kompetanse/rekruttering og IKT vere fokusområde der dette er relevant. Utvala må prioritere mål og tiltak som skal inn i felles handlingsplan for helsefellesskapet i M&R.<br>5.5.3 Samarbeidssekretariat. Korrigering av pkt d) og g), endre ordet «fasilitere» med «starte».<br><br>**Vedtak:**<br>Karethe og Oddvar får i oppdrag å reinskrive endeleg avtaletekst som sendast forhandlingsutvalet når konkrete endringsframlegg er korrigert. |
| 29/23 | **Overgangar mellom tenestenivåa – drøftingssak.**<br><br>Betaling for utskrivingsklare pasientar. Eksempel på praktisering samarbeidsavtalen.<br>Presisering av utfordringar v/Stian Endresen. |

| | |
|---|---|
| | Gjennomgang av konkrete situasjonar med tidsline. Korleis tolkar partane samarbeidsavtalen i høve 24-timarsvarsel, betalingsplikt og epikrisekrav. |
| 30/23 | **Delavtale 1**<br>Partane la fram sine synspunkt for innhald  i delavtale 1. Partane starta revidering og gjennomgang av avtalen. Pågåande tvistesak påverkar forhandlingane. |
| 31/23 | Sjå sak 30 |
| 32/23 | Sjå sak 30 |
| 33/23 | Sjå sak 30 |
| 34/23 | Oppsummering:<br>Budd på at dette vart krevjande dagar<br>Behov for fokus på gode pasientforløp og dei gode intensjonane med ein avtale som kan vere eit godt verktøy. Helseplattformen vil utfordre innhaldet i avtalen.<br>Brukarrepresentane etterlyser at utvalet i større grad etterspør innspel der dette bør presiserast så uttalte mål for medverknad.<br><br>Spørsmål om informasjon frå arbeidet i forhandlingsutvalet til SSU .<br>Oddvar lagar kort orientering om prosess og framdrift. |